



Lindås VVS N.T. AS

Pb. 42

5951 LINDÅS

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/5174 - 15/6920

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

24.03.2015

Løyve til tiltak og dispensasjon - avlaupsanlegg for gbnr 89/19 og 89/29 Haugsmyra.

Administrativt vedtak. Saknr: 102/15

Tiltakshavar: Jan B. Methlie Herland

Ansvarleg søker: Lindås VVS NT AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGEEING

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av felles avlaupsanlegg for eksisterande fritidsbustadar på gbnr 89/19 og 89/29. Avlaupet frå eigedomane skal reinsast i felles reinseanlegg med etterpolering før avlaupet vert ført vidare i tett leidning til bekk med heilårs vassføring.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå kommuneplanen, pbl § 11-6, då delar av anlegget er plassert i strid med LNF-føremålet.

Det er gitt utsleppsløyve i vedtak datert 24.03.2015.

Det vert elles vist til søker mottatt 10.12.2014, sist supplert 19.03.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.03.2015. Det er ikkje lovfesta frist for handsaming av dispensasjonssaker.

Planstatus

Eigedomane ligg i uregulert område innanfor det som i Kommuneplan 2003 sin arealdel er definert som bygggeområdet for bustadar. Delar av anlegget, avlaupsleidningen frå anlegget og fram til bekk, er plassert i



område som er avsett til LNF-føremål. Tiltaket er følgjeleg avhengig av dispensasjon for å kunne godkjennast.

Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Renseanlegget (Biovac FDS for nedgraving) som er omsøkt vil betre utsleppstilhøva i området. Eigedommene har i likhet til veldig mange andre boliger/fritidsboliger i alle år utført utslepp av gråvatn uten tilfredstillande rensing, no får eigedommen fullrensning og det er da naturleg å oppgradere anlegget til også å omfatte vassklosett. Vassklosett er i dag heilt vanleg i bustader og fritidsbustader og ein naturleg del av utviklinga i samfunnet generelt. Byggherre og ansvarleg søker er nå klar over at området ligg i Inf sona ,men både vi i Lindås VVS og byggherre er av den oppfatning av at miljøet rundt ikkje vil ta skade av eit minirenseanlegg av denne størrelse.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan journalført 19.03.2015.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av avlaupsanlegg for 2 bebygde fritidseigedomar. Etablering av avlaupsreinseanlegget vil etter administrasjonen sitt syn ikkje har vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil derimot sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avlaupet frå eigedomane. Avlaupsanlegg og leidningar skal gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Fordelane ved omsøkte tiltak vert vurdert å vera større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre tinglyst avtale med rett til plassering av leidningar og å føra avlaupsvatnet til bekk på gbnr 89/6 datert 21.02.2015. Dersom det på eit seinare tidspunkt er aktuelt å føra avlaupet frå reinseanlegget til sjø, jf grunneigarerklæringa, vil dette krevja søknad om endring av løyve.

Eigedomane gbnr 89/19 og 89/29 har delvis same eigar. Det må likevel dokumenterast avtale som sikrar rettar mellom eigedomane i høve til etablering av felles avlaupsanlegg før det vert gjeve mellombels bruksløye/ ferdigattest. Her nemnast til dømes rett for gbnr 89/19 til å leggja avlaupsleidning over privat eigedom fram til felles avlaupsanlegg på gbnr 89/29. Kommunen tilrår alltid at private avtalar vert tinglyst, men vil i dette høvet ikkje setja krav om tinglysing.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Lindås VVS NT AS**, org.nr. 915836445, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg sokjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF) for tiltaket.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) for etablering av avlaupsanlegg for gbnr 89/19 og 89/29 slik det er søkt om.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad mottatt 10.12.2014, supplert 19.03.2015, og på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 19.03.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**
3. **Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 24.03.2015.**
4. **Det skal dokumenterast avtale som sikrar naudsynte rettar for eigedomane i høve til etablering av felles avlaupsanlegg før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSMÅRÅDE
SØK	Lindås VVS NT AS	915836445	S	1	Ansvarleg søker
PRO	Lindås VVS NT AS	915836445	S	1	Prosjekterande for heile tiltaket
UTF	Lindås VVS NT AS	915836445	S	1	Utførande for heile tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5174

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikke krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfestat høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfestat at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.3	Dispensasjon som gjeld arealføremåle LNF for mindre tiltak på bygd eigedom	1	Kr 3 200,-
10.2.6	Basisgebyr andre bygninger, konstruksjonar og anlegg – avlaupsanlegg	1	Kr 3 700,-
10.2.9.a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
Totalt gebyr å betala			Kr 7 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikke høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikke klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Herland Fylkesmannen i Hordaland	Granlien 48 Pb 7310	5105 5020	EIDSVÅG I ÅSANE BERGEN
---	------------------------	--------------	---------------------------

Mottakarar:

Lindås VVS N.T. AS	Pb. 42	5951	LINDÅS
--------------------	--------	------	--------